

Meland kommune  
Postboks 79

5906 FREKHAUG

## Utbetalingsbrev hausten 2018 - Utdanningsstipend - PPU/PPU-Y

Statsbudsjettet for 2018 vart vedteke av Stortinget i desember 2017. Vedtaka går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2017 – 2018) og Prop. 1 S (2017 – 2018) for Kunnskapsdepartementet. Det blir også vist til informasjon til skoleeigaren 1. februar 2018 om stipend til kvalifisering av tilsette i undervisningsstillingar utan godkjend lærarutdanning og stipend til rekruttering av personar utanfor skolesektoren.

Utbetaling av stipend hausten 2018 er basert på:

- Skoleeigarens søknad i søknads- og oppfølgingssystemet om stipend til tilsette i undervisningsstillingar utan godkjend lærarutdanning (utdanningsstipend) og rekrutteringsstipend.
- Direktoratets behandling av søknadene som vart offentleggjort i 24. april 2018.
- Skoleeigarens stadfestingar til Utdanningsdirektoratet på at dei det gjeld, er tekne opp til studiet, og at dei takker ja til å delta i stipendordninga.

Oversikt over tilsette og andre som har fått tilbod om stipend, finn de på TAVLA:

<http://www.udir.no/verktoy/tavla/> og i søknads- og oppfølgingssystemet på <http://komp.udir.no/extranet> under modulen «Stipend PPU/YFL 2018».

Stipend er berekna ut frå opplysningar om søkjaren med status «Bekreftet deltagelse» per 23.11.2018.

Skoleeigarane vil bli belasta med arbeidsgivaravgift for stipendet til dei det gjeld. I midlane som blir utbetalte til skoleeigaren frå Utdanningsdirektoratet, er arbeidsgivaravgifta inkludert. Ho er berekna ut frå skoleeigarens postadresse registrert i Enhetsregisteret: <http://w2.brreg.no/enhet/sok/>. Informasjon om satsar og soner for arbeidsgivaravgift finst på <http://www.skatteetaten.no/no/Tabeller-og-satser/Arbeidsgiveravgift---soneinndeling/>. For Meland kommune er det Meland som dannar grunnlaget for arbeidsgivaravgifta.

I vedlegget finn de oversikta over tilsette/dei som skal rekrutterast, som dannar grunnlaget for utbetalinga. Følgjande vil bli utbetalt til Meland kommune til kontonummer 15031883722:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Stipend	55000,00	Jul-Des	—	55 000,00
Arbeidsgiveravgift - stipend (14,1%)	55000,00	Jul-Des	—	7 755,00
<b>Totalt:</b>	<b>110000,00</b>			<b>62 755,00</b>

Utbetalinga er merkt "Utdanningsstipend - PPU/PPU-Y". Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt.

### Vilkår for utbetalinga

- Stipendet skal utbetalast til den tilsette/den som blir rekruttert, og kan vere skattepliktig i den utstrekning det overstig kostnader knytte til utdanninga. Informasjon om dette finst på

<http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/larere/slik-er-skattereglene-for-utdanningsstipend/>

- Når det gjeld utdanningsstipend, føreset det at skoleeigaren tek ansvar for å leggje til rette for og følgje opp at studiet blir gjennomført på ein forsvarleg måte.
- Det må avtalast lokalt kven som skal dekkje kostnader knytte til reise og opphald og til studiemateriell.
- Skoleeigaren har ansvaret for å rapportere om gjennomføringa og eventuelt fråfall.
- Stipendmidlane til PPU/PPU-Y-utdanninga vil bli utbetalte til skoleeigaren i to omgangar. Første gong hausten 2018, andre gong hausten 2020 når skoleeigaren har stadfesta til Utdanningsdirektoratet at studiet er gjennomført og bestått. Frist for å stadfeste dette til Utdanningsdirektoratet er 15. oktober 2020.
- Dersom ein deltakar ikkje gjennomfører eller består studiet, kan skoleeigaren søkje Utdanningsdirektoratet om å få behalde midlane som vart utbetalte ved oppstart. Skoleeigaren vil da for eksempel kunne bli bedt om å skaffe dokumentasjon på at personen har delteke på studiet og oppfylt alle obligatoriske arbeidskrav.

Mottakaren har plikt til å melde frå til Utdanningsdirektoratet dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Tilsegn om midlar er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2018.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Meland kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til <http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/ppuyfl/>

Med helsing

Anne Magdalena Solbu Kleiven  
avdelingsdirektør

Guro Karstensen  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.